



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå Kviteseid Sokneråd onsdag 29. november 2017 kl. 18.00

Møtet var på kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Vaagen Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland.

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn.

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Meldte fråfall:

Inger Lise Berge.

Vidar Syrtveit Mikalsen.

Magnhild Vaagen Kvalbein.

Berre 1. vara kunne møte.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal.

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 71/17	Innkalling og saksliste	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>Vedtak: Som føreslege.</p>	
Sak 72/17	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 04.10.2017	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå møtet 04.10.2017, sendt ut på mail 09.10.2017, vart godkjend.</p> <p>Vedtak: Som føreslege.</p>	
Sak 73/17	Post og meldingar	MG,
	<p>1. Marit Gotuholt (og andre) orienterar om <i>avvikla</i>, føreståande avklara arrangement og <u>nokre på planleggingsstadiet</u> (ikkje alt blir referert endå).:</p>	

- a. 12.11.: Jan Haugen mfl. konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 for fulle hus
 - b. 07.12.: Førjulsconcert i Vrådal kyrkje.
 - c. 10.12.: Emil Solli-Tangen konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00.
 - d. 17.12.: Den årlege JULEKONSERTEN i kyrkja.
 - e. Soknerådet er positiv til Allehelgenskonsert 2. nov.2018, og fleire andre som vert kunngjort seinare.
2. Saker frå tidlegare:
 - a. Sak 48/17: Søknad om kr 130.000 i ekstra bevilling til blyglasvindauga, blei vedteken i kommunestyret. Glasmester er varsla og blir tett fylgt opp med tanke på å få ferdig prosjekta i dette året tilskota er gjevne.
 - b. Soknerådet sitt forslag til budsjett 2018 og investering 2018-2022 ligg inne i rådmannen sitt framlegg til formannsskap (16.11) og kommunestyre.
(<http://www.kviteseid.kommune.no/politikk/sakskart-og-moeteboeker/formannskapet>) Realitetshandsamast ikkje før i desember.
 - c. Brannvarslingsanlegget i Kviteseid kyrkje vart forsinka med ein månad, men er nå montert ferdig. Det er utprøvd og nå kobla opp mot 110-sentralen.
 - d. Golv i kyrkjekjellar i Brunkeberg, er akkurat ferdig flislagd med varmekablar under. Vi har venta ei tid på at flisleggjaren skulle verta ferdig..
 3. Referat frå kyrkjelydsutval vart sendt som vedlegg til innkallinga for felles informasjon. Saker for vidare handsaming ert vonleg fanga opp.
 4. Nye supplerande salmebøker er innkjøpt til Brunkeberg og Vrådal. Dagfinn Køhn har lagt ved gudstenesteprogrammet i kvar bok.
 5. 30 supplerande særkalkar til nattverd i Kviteseid er bestilt. Til rekneskap 2018.
 6. To saker er sendt til Biskop for godkjenning. Skisse og bilder for begge punkta låg ved innkallinga.:
 - a. Bygging av fast montert og opphøgd pult for miksebord, PC og anna teknisk, bak i Kviteseid kyrkje, høgre side, rett bak siste faste benk. Dette er ikkje vurdert som sak naudsynt for handsaming i soknerådet.
 - b. Bygging av halvtak og carport ved bårhuset i Kviteseid, for bil og utstyr. Dette er og sendt søknad om til Interkommunalt plankontor. Søknaden vart godkjend 16.11. Dette kjem opp som eigen sak i samband med endeleg budsjetthandsaming i januar 2018.
 7. Diodelyskastarar for kyrkjene er innhenta tilbod på. Dette vil i lengda redusera strømförbruket. Saka er ikkje avklara.
 8. Ny eiga nettside for Den norske kyrkja i Kviteseid er å finne på nettadressa: <http://kviteseid.sokn.no> . Kyrkjevevja tek gjerne imot innspel og kommentarar. Mykje arbeid står att før vi kan seie at sida er ferdig.
 9. Orientering om jolebasaren.
 10. Ny oppslagstavle til gamlekyrkja er bestilt, lik dei som står i Kviteseid. Den skal vere til vanlig plakatt, men også kort info om kyrkja på fleire språk.
 11. Kyrkjetenarane i prostiet er ikkje veldig positive til Opne kyrkjer. Dei hadde ei nyttig samling i Fyresdal i oktober. Kyrkjevevjelaget i prostiet

	<p>arbeider vidare med saka om Opne kyrkjer. Kyrkjevevjerlaget har neste møte i Tokke 5. des.</p> <p>12. Det vert også i år felles joletreffest på Sundvang 3. dag jol der kyrkja er med. Hans Kristian Aabø ordnar med å finna det mannskap som trengs og eventuelle andre bidrag frå kyrkja.</p> <p>13. Håkon Birkeland meldte frå Fellesmøtekomiteen :</p> <ol style="list-style-type: none"> Felles familiemøte 21. januar kl. 16.00 Fellesmøtehelg 9.-11.mars. Felles sangmøte 30. sept. Med Arvid Pettersen. Lokal er ikkje avklara. <p>14. Kyrkjevevjerja gløynde å informera om Frivillighetsmøte med lag og foreiningar i Kviteseid. Fleire saker frå kyrkja er nemnd i lista over lag og foreiningar i kommunen, men noko manglar. Kyrkjevevjerja kontaktar koordinatoren om det.</p>	
Sak 74/17 FR	Rekneskapsrapport januar-oktober 2017	KS
	<p>Rekneskapsrapport frå rekneskapsførar i kommunen pr. oktober 2017 ligg ved. Det syner at <u>avdelingane samla</u> sett har eit mindreforbruk (=overskot) på kr 42.000.</p> <p>Avdeling 110 har overskot på kr 65K mot budsjettert underskot på kr 48K.</p> <p>Avdeling 111 har underskot, men kr 24K betre enn budsjettert.</p> <p>Avdeling 112 har overskot på berre kr 14K mot budsjettert overskot på kr 189K. (Meir til ferielønn og arbeid på kyrkjegardar, ikkje bokført overføring frå gravlegata)</p> <p>Avdeling 113 har overskot på kr 87K mot budsjettert underskot på kr 1,4K.</p> <p>Lønsutgiftene for faste er i hht budsjett. Meir i ferieløn gjer samla eit avvik på 3,9 %.</p> <p>Samle driftsutgifter ligg på 4,6 % over det som er forventa for årets 10 første mnd.</p> <p><i>Vedlegg til innkallinga: Driftsrapport Kyrkja 2017-10</i></p> <p>Kyrkjevevjerja si innstilling: Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for januar-august 2017 til vitande.</p> <p>Vedtak: Soknerådet tek orienteringa om driftsrekneskapet for januar-<u>oktober</u> 2017 til vitande.</p>	
Sak 75/17	Lønspolitikk i Kviteseid sokn	HKA/KS
	<p>Kyrkja si arbeidsgjevarorganisasjon (KA) har i hovudtariffavtala som føresetnad at det i kvart fellesråd føreligg ein lokalt forankra og vedteken lønspolitikk. Denne skal gjerast kjent for dei tilsette slik at det skapast tryggleik og moglegheit for dei tilsette å innretta seg der etter. Lønspolitikken er særleg viktig i lokale lønsforhandlingar.</p> <p>Saka vart drøfta på soknerådet sitt partssamansette utval (PU) 30.10.2017. Punkta i forslaget til vedtak er PU si innstilling til soknerådet .</p>	

	<p>Forslag til vedtak: Lønspolitikk for tilsette i Kviteseid sokn. Fylgjande element vert verdsatt ved vurdering av lønsendringar og tilsetjingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gitt og akseptert ansvar. • Gode kvalitative og kvantitative resultat. • At ein viser engasjement og fornying i tenesta. • Likestilling mellom kvinner og menn skal vera sjølvsgatt i arbeid og løn. • Behalda i tenesta og rekruttera for framtida. • Samanheng mellom kompetanse , kompetanseutvikling og lønsutvikling. • Omsyn til forskjellige livsfasar som til dømes høg alder. <p>Vedtak: Soknerådet fastsett dette som lønspolitikk for Kviteseid sokn: Fylgjande element vert verdsatt ved vurdering av lønsendringar og tilsetjingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gitt og akseptert ansvar. • Gode kvalitative og kvantitative resultat. • At ein viser engasjement og fornying i tenesta. • Likestilling mellom kvinner og menn skal vera sjølvsgatt i arbeid og løn. • Behalda i tenesta og rekruttera for framtida • Samanheng mellom kompetanse , kompetanseutvikling og lønsutvikling. • Omsyn til forskjellige livsfasar som til dømes høg alder.
Sak 76/17	Lønsforhandling for kyrkjevevja HKA
	<p>Partssamansett utval (PU) handsama løns- og arbeidstilhøva for kyrkjevevja på sitt møte 30.10.2017. Økonomiske forhold for dagleg leiar er offentleg informasjon.</p> <p>Det vart halde forhandlingsmøte etter KA si hovudtariffavtale (HTA), kpt. 3, §3.4 om løn for dagleg leiar. Det vart semde om 3 % auke frå 01.05.2018. Siste endring var 01.05.2017.</p> <p>Vedtak i PU: Ny løn til kyrkjevevja frå 01.05.2018 settast til kr 544.200.</p> <p>PU handsama og andre høve ved kyrkjevevja sitt arbeid og fatta fylgjande: Vedtak i PU: Kyrkjevevja får 6 fridagar ekstra kvart år etter HTA, kpt.1, §6.3. (Gjeld for 100% stilling).</p> <p>Leiaravtale og ny revidert arbeidsavtale er underteikna.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet støtter vedtaka i PU og vedtek at</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ny løn til kyrkjevevja frå 01.05.2018 settast til kr 544.200. 2. Kyrkjevevja får 6 fridagar ekstra kvart år etter HTA, kpt.1, §6.3. (Gjeld for 100% stilling). <p>Vedtak: Som føreslege.</p>
Sak 77/17	Høyring om forslag til ny lov for Tru- og livssyns samfunn

	<p>Regjeringa har sendt ut forslag til ny lov for finansiering av tru- og livssynssamfunn i Noreg. Lovforslaget med høyringsalternativer vart sendt ut til soknerådet på mail 23.10.2017.</p> <p>Kyrkjeverja har raskt gått gjennom lovforslaget og uttala seg kortfatta som tilsett i kyrkja.</p> <p>Måndag 20.11.2017 var det eit informasjonsmøte i Skien i regi av bispedømmekontoret og Kirkevergelaget i bispedømet. Hans Kristian Aabø var til stades på dette møtet.</p> <p>Soknerådet drøftar kva og korleis ein skal gå fram i denne saka. Frist for høyringa er 31.12.2017.</p> <p>Link: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---ny-lov-for-den-norske-kirke-og-andre-tros--og-livssynssamfunn/id2572665/</p> <p>Handsaming</p> <p>Eit forslag til høyringsuttale vart utsendt få dagar før møtet. Det inneheldt også ein ferdig avkryssa høyringsuttale frå <i>Nettverk for kirkelige fellesråd (NKF)</i>, bearbeida av Hans Kristian Aabø.</p> <p>Saka vart drøfta og handsama i soknerådet, med kommunerepresentanten til stades.</p> <p>Nokre punkt som vart spesielt tatt opp var nr 5 og 25.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Høyring om ny <i>Lov om trus- og livssynssamfunn</i>. Kviteseid sokneråd har handsama saka og sluttar seg til hovudtrekka i høyringsuttala til <i>Nettverk for kirkelige fellesråd (NKF)</i>. Kyrkjeverja sender høyringssvar på nett innan fristen.</p>
Sak 78/17	Kyrkjeofringar 2018 HK
	<p>Dei siste månadene er det kome inn mange søknadar om å få kyrkjeofringar i 2018. Nokre er einskilde søknadar, mens om lag 80 søknadar er over sendt samla frå Kristeleg Pressekontor (<i>lista ligg ved</i>). Dei fleste formåla vi har er innanfor desse 80 og er markert gult. Einskilde søknadar er motteke frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> Skjærgårdsgospel Søndagsskolen (i Telemark) Viken (kurs og veiledning) Kirkens Bymisjon (Aust-Agder og Telemark), og Sjømannskirken, Norsk kirke i utlandet. <p>Soknerådet sitt <u>vedtak for 2017 (Sak 68/16)</u> står i kursiv under her, resultat/endringar utheva:</p> <p><i>Fordeling av ofringane er vedteke å vera slik:</i></p> <p><i>Misjonsprosjektet får 5-6 ofringar</i></p> <p><i>Kyrkjelydsarbeidet får 10-14 ofringar</i></p> <p><i>Dei resterande ofringane vert fordelt etter tradisjon og tema mellom fylgjande:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Kvitsund Gymnas, 2</i> ○ <i>NMS, tidl.: Det Norske Misjonsselskap -på julaften 1. juledag, 2-3-4</i> ○ <i>Sjømannskyrkja, Den norske kyrkje i utlandet</i> ○ <i>Kristen Idrettskontakt (KRIK)</i> ○ <i>Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)</i> ○ <i>Kirkelig Pedagogisk Senter (IKO)</i>

- *Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (NKSS) Fekk ikkje i 2017*
- *Det Norske Bibelselskap 2*
- *Misjonsprosjekt Kvitsund (Russeprosjekt) Fekk ikkje i 2017*
- *NRK sin innsamlingsaksjon*
- *Kirkens Nødhjelp, -m.a. 1. juledag, 2-3 på julaften*
- *Blå Kors*
- *Stefanusalliansen*
- *Kirkens SOS, Telemark, 2*
- *Den Norske Israelmisjon*
- *Menneskeverd 2*
- *Dei fire diakoni-institusjonane*
- *Rakel Trovis: Mama Children Center of Norway*
- *Og det som ikkje blir vald som soknets misjonsprosjekt av desse:*
 - ~~*Normisjons kvinneprosjekt i Nepal (Liv Wendel)*~~
 - *NLM/Wycliffe bibeloversetjing til Ts'amakko-språk i Sør Etiopia (Karen Elisabeth Wittersø)*

Dersom ein treng fleire offerformål, skal nokre av desse lista opp få fleire gonger. Soknepresten er ansvarleg for fordelinga av desse på gudstenestene vi har.

17.-mai offer skal rullere slik at det ikkje vert same formål kvart år. Av Kyrkjelydsbasaren vert kr 15.000 sendt til Rakel Trovis Mama.

Ynskjer soknerådet å gjere endringar på dette oppsettet, gjerast det under møtet. Her er nokre alternative formål foreslege av kyrkjevevja, henta frå lista frå kpk:

- Bibelleseringen i Norge.
- Misjon utan grenser.
- Norea Mediemisjon.
- Normisjon.
- Norsk Luthersk Misjonssamband

+ dei to som ikkje fekk likevel i kabalen: NKSS og Kvitsund misjonsprosjekt.

Vedlegg til innkallinga: Offersøknader 2018

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek at kyrkjeofringane i Kviteseid for 2018 skal fordelast slik, der endringane frå 2017 står i kursiv:

Misjonsprosjektet får 5-6 ofringar

Kyrkjelydsarbeidet får 10-14 ofringar, halvparten til Trusopplæringsarbeidet.

Dei resterande ofringane vert fordelt etter tradisjon og tema mellom fylgjande:

- Kvitsund Gymnas, (2)
- NMS, tidl.: Det Norske Misjonsselskap -på 1. juledag, (4)
- Sjømannskyrkja, Den norske kyrkje i utlandet
- Kristen Idrettskontakt (KRIK)
- Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)
- ~~*Kirkelig Pedagogisk Senter (IKO)*~~
- *Norges Kristelige Student- og Skoleu.lag (NKSS) (Fekk ikkje i 2017)*
- *Det Norske Bibelselskap (2)*
- *Misjonsprosjekt Kvitsund (Russeprosjekt) (Fekk ikkje i 2017)*
- *NRK sin innsamlingsaksjon*
- *Kirkens Nødhjelp, på julaften (4)*
- *Blå Kors*

- Stefanusalliansen
- Kirkens SOS, Telemark, (2)
- Den Norske Israelsmisjon
- Menneskeverd
- ~~—*Dei fire diakoni-institusjonane*~~
- Rakel Trovis: Mama Children Center of Norway
- NLM/Wycliffe bibeloversetting til Ts'amakko-språket i Sør Etiopia (Karen Elisabeth Wittersø)
- *Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)*

Soknepresten er ansvarleg for fordelinga av desse på gudstenestene vi har. 17.-mai offer skal rullere slik at det ikkje vert same formål kvart år. Av Kyrkjelydsbasaren vert kr 15.000 sendt til misjonsprosjektet vi har i Nepal via Normisjon. Resten går til trusopplæringsarbeidet i soknet.

Handsaming under møtet:

Det er likevel plass til både det nye offer-formålet (NLM), og dei som er strokne over i forslaget. 'Søndagsskulen, Telemark' og 'Tro og Medier' vart og funnen plass til.

Vedtak:

Soknerådet vedtek at kyrkjeofringane i Kviteseid for 2018 skal fordelast slik:

- Misjonsprosjektet får 6 ofringar.
- Kyrkjelydsarbeidet får 14 ofringar, 7 av dei til Trusopplæringsarbeidet.

Dei resterande ofringane vert fordelt etter tradisjon og tema mellom fylgjande:

1. Kvitsund Gymnas, (2)
2. NMS, tidl.: Det Norske Misjonsselskap -på 1. juledag, (4)
3. Sjømannskyrkja, Den norske kyrkje i utlandet.
4. Kristen Idrettskontakt (KRIK).
5. Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA).
6. Kirkelig Pedagogisk Senter (IKO).
7. Norges Kristelige Student- og Skoleu.lag (NKSS). (Fekk ikkje i 2017)
8. Det Norske Bibelselskap (2).
9. Misjonsprosjekt Kvitsund (Russeprosjekt). (Fekk ikkje i 2017)
10. NRK sin innsamlingsaksjon.
11. Kirkens Nødhjelp, på julaften. (4)
12. Blå Kors.
13. Stefanusalliansen
14. Kirkens SOS, Telemark. (2)
15. Den Norske Israelsmisjon.
16. Menneskeverd.
17. Dei fire diakoni-institusjonane.
18. Rakel Trovis: Mama Children Center of Norway.
19. NLM/Wycliffe bibeloversetting til Ts'amakko-språket i Sør Etiopia. (Karen Elisabeth Wittersø)
20. Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM).
21. Søndagsskulen, Telemark.
22. Tro og Medier.

Soknepresten er ansvarleg for fordelinga av desse på gudstenestene vi har. 17.-mai offer skal rullere slik at det ikkje vert same formål kvart år. Av Kyrkjelydsbasaren vert kr 15.000 sendt til misjonsprosjektet vi har i Nepal via Normisjon. Resten går til trusopplæringsarbeidet i soknet.

Møyfrid ynskjer innspel på:

- Arbeid med oppdatering av årshjulet for heile verksemda.
- Friluftsgudstenester.
- Oppfylging misjonsprosjektet: Hans Kristian Aabø er misjonskontakt i soknerådet.

Informerer om Kyrkjebladet.

Vedlegg til innkallinga: Avtalen med Normisjon 2017-2020

Referat:

A Innspel til oppdatering av årshjul for arbeidet i soknet - Møyfrid ynskjer innspel til ei oppdatering.

Til gudstenesteplanen ynskjer ho å etablera barnas misjonsdag på familiegudsteneste i openberringstida i staden for skaparverkets søndag. Skaparverket vert tema i samband med hausttakkefest og utdeling av 4- årsbok på hausten.

I gjeldande plan er det sett opp fleire friluftsgudstenester som likevel ikkje er fastsett i årsplanen. Presten vil gjerne ha innspel om stader det er mogleg å leggje inn friluftsgudsteneste på dei oppsette datoane.

På årsplanen er det ikkje lagt opp til gudsteneste 1. påskedag i Vrådal, men etter å ha vært i møte med kyrkjeutvalet ynskjer presten å støtte opp under det lokale engasjementet som er omkring denne gudstenesta slik at det kan være gudsteneste der etter høgmessa i Kviteseid.

Samtalegudstenesta for konfirmantane blir ei gudsteneste som konfirmantane skal førebu. For å gje dei mest mogleg spelerom, er det ein idé å leggje denne til ein ettermiddag eller kveld midt i veka på ein stad konfirmantane vel.

I fylgje misjonsavtalen med Normisjon skal me gå igjennom denne no når det første året nærmar seg slutten. Mellom anna skal det vere to gudstenester med tema misjon osv.

- Det vart nemnt at tema som har vore valt har vore personavhengig og kan endrast.
- Skibakken i Vrådal vart nemnt i samband med påsken.
- Det vart opplyst om tradisjonar omkring tid og stad for samtalegudstenesta med påfølgjande fest.

B Frivillighetsfest - Trusopplæringsutvalet vil arrangere frivillighetsfest for alle som har hatt oppgåver i arbeidet for born og ungdom siste året – på misjonshuset 14. januar kl. 18.

C Orientering om «Ønsket og elsket» - arbeidet siste haust og planar for våren.

D Orientering om kyrkjebladet - Det vil framover komme ut før jul, før påske, før sommaren og midt i oktober.

- Det kom innspel med ynskje om betre presentasjon av arrangement som konsertar.

Alle kan sende inn stoff til redaksjonen ved soknepresten. Øyvind Jørgensen er nytt medlem i redaksjonen.

	E Søknað om restmidlar til trusopplæring – i utlysinga er det særleg nemnt arbeid etter konfirmantåret. Møyfrid vil skrive ein søknað som vil gjelde ei lokal oppfølging som kan knytte ønsket og elsket-deltakarar til gruppa av lokale leiarar i barne- og ungdomsarbeidet i Kviteseid.	
Sak 80/17	Godheitsveka 2018	HKA
	<p>Magne Skjæveland var soknerådet sin kontakt i komiteen for Godheitsveka i 2017. Han stiller også i 2018, men vil ha ein til med seg, soknepresten eller andre.</p> <p>Forslag til vedtak: Magne Skjæveland og Møyfrid Lunde er soknerådet sine representantar i komiteen for Godheitsveka 2018.</p> <p>Vedtak: forslag til vedtak samrøystes vedteke.</p>	
Sak 81/17	Eventuelt	HKA
	<p>Ettermelde saker? Tatt med i Sak 73/17 som eigne punkt.</p> <p>Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 10. januar 2018.</p> <p>Datoar i 2018 etter det: 28. feb., 25. april, 13. juni, 22.aug., 3. okt. og 21. nov.</p>	